



Sindre på 11 imponerte i natt

Høgdepunktet på Dønhauglåven i natt var det ikkje Vassendgutane sjølve som sto for. Det kom då 11 år gamle Sindre Mathias Jegteberg frå Omvikdalen song med Sunnmørebandet Guten kan truleg dei fleste av låtene til bandet som mange meiner er landets beste i sin sjanger som dei sjølve kallar festcountry..



Vassendgutane er eit velorganisert føretak

Vassendgutane er etter alt å dømma eit svært velorganisert føretak. Det imponerer både med lys og lyd og presisjon i spelet, men nokon vil kanskje hevda at alt dette går utover det reint melodiose.



[Polske Gosie Krawiec og Barbare Bednarske selde plater og souvenir, Dei bur i Uskedalen.](#)

I alle høve er det fengande og dansbar musikk og fansflokken rundt om i gard og grend er åpenbart stor.. Ymse effektar som truser, caps, hattar og t-skjorter går unna under konsertane og dei ivrigaste følger med som nissar på lasset. Ei spesiell gruppe på 7 i så måte vart observert i låven i natt.

På melodisida var den ferske CD Festi ekje slutt naturleg nok sterkt i fokus i natt og titel-låta var særleg bra ved sida av dei som har høsta suksess opp gjennom åra og som er med på denne første samleplata som gutane gjev ut. Det er 4 nykomponerte låtar på den.

Vassendgutane plar vera ein av dei sikre vinnarane på Dønhaug og slik er det også i år sjølv om det kom berre 300. Det var eigentleg ikkje så lite frammøte når ein tar i betraktning truslar om vondt ver og Telenortrøbbel.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Magne Huglen får truleg eit godt råd frå ein publikummar